

---

**Saksnr:** 2020/62755-1  
**Saksbehandlar** Marit Kristine Einen  
**Dato:** 26.08.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for Næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

---

## Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland

### Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland

Vestland har fått tildelt EU-midlar til i alt fire Erasmus+ prosjekt i 2020 . Fylkeskommunen bruker Erasmus+ programmet som et verkemiddel for å nå måla i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Tildelingane viser at satsinga til fylkeskommunen har høg relevans og kvalitet og gir utbytte i form av utviklingsmidlar til regionen. Medlemskapen i organisasjonen EARLALL (European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning) har vore sentral for at Vestland deltek i dei tre sist nemnde prosjekta. Alle prosjekta er forankra i Utviklingsplan for Vestland 2020-24 og Strategi for internasjonalt samarbeid 2020-24 og elles i egne planar for dei einssilde fagområda.

### Erasmus+ VET Mobilitet - yrkesopplæring og lokalt samarbeid (2020-2022)

Samarbeidet i fylkeskommunen mellom OPKO og INN har gitt god utteljing i 2020! Fellessøknaden som fylkeskommunen sender kvart år på vegne av skular, opplæringskontor, lærebedrifter, kommunar og andre aktuelle aktørar vart i år innvilga med om lag 5,8 millionar norske kroner. Det var best resultat av alle søkarane i Norge. Midlane skal gå til kompetansehevande tiltak gjennom erfaringsutveksling og praksisopphald i Europa. Gjennom dei årlege søknadane i perioden 2014-2020, har fylkeskommunen fått til saman om lag 30 millionar kroner til satsinga.

Hovudmålsettinga er auka kvalitet i opplæringa. Her under innovasjon og kopling mellom utdanning, arbeidsliv og forvaltningsnivå for å oppnå dette. Fylkeskommunen (OPKO og INN) koordinerer tiltaket, og overfører midlar vidare til vestlandsaktørane etter faste EU-satsar. Dette dekker i hovudsak kostnadar til reise og opphald og fylkesadministrasjonen har ikkje ekstra kostnader knytt til dette. Mesteparten av midlane går til vidaregåande skular, opplæringskontor, lærebedrifter og samarbeidsprosjekt i kommunar.

Vi samarbeider med 50 mottakarorganisasjonar i Europa og det gir moglegheit for finansiering av kortare utanlandsopphald for meir enn 230 unge og vaksne innan opplæring og regional utvikling. Vi har **to hovudaktivitetar**:

1) Praksisopphald i europeiske bedrifter og opplæringsinstitusjonar, som ein integrert del av opplæringa, for elevar og lærlingar. Lærarar og andre opplæringsansvarlege har

hospiteringsopphald som m.a. legg til rette for kompetanseutvikling og erfaringsutveksling mellom ulike fag- og yrkesopplæringsinstitusjonar.

2) Etablere tverrsektorielt lokale partnerskap for å utvikle det lokale opplæringstilbodet i tråd med lokale behov. Dette gjer ein ved at tilsette i kommune, næringsliv og fagopplæring reiser saman og får ny kompetanse og utvekslar erfaringar med europeiske regionar/kommunar om korleis dette kan gjerast .

### **RegALE - Regional capacity for Adult Learning and Education (2020-23)**

Det er eit Erasmus+ - sektor allianseprosjekt innan vaksenopplæring, som skal styrke politikkkutforming innan sosial inkludering og europeiske fellesverdiar.

Vestland får tildelt omlag 540 000 kroner (80%) frå EU og går inn med eige arbeid (20%).

Totalbudsjettet er på 6,6 millionar kroner.

Hovudmålet er å styrke dialog og samarbeid mellom regional og lokal vaksenopplæring, og utvikle nettverk og samarbeidsstrukturar med sivil sektor og arbeidsliv. Sentrale tema for Vestland er inkludering og å styrke opplæringa for innvandrarakar med mål om å kvalifisere dei til auka deltaking på arbeidsmarknaden. Det bygger vidare på arbeidet som er gjort i Vestland med å bruke EU-midlar som verkemiddel i utviklinga av dette feltet, m.a. i regi av Internasjonal kommunenettverk Vestland.

Prosjektet blir koordinert av EAEA (European Association for the Education of Adults) i samarbeid med EARLALL og har deltakarar frå regionale/lokale myndigheiter og vaksenopplæringsinstitusjonar i sju land. Kompetanse Norge er observatør.

Frå Vestland deltek Avdeling Innovasjon og næringsutvikling, i fagleg samarbeid med Avdeling kultur, idrett og integrering.

### **Youth Entrepreneurial Spirit Specialists -“YESpecialists” (2020-22)**

Det er eit strategisk partnerskap innan Erasmus+ Aktiv Ungdom.

Vestland får tildelt 470 000 norske kroner i EU-stønad av eit totalbudsjett på omlag 2,4 millionar kroner.

Målet med prosjektet er å utvikle og teste ut ein innovativ metode i entreprenørskaps-undervisning der nedanifrå-og-opp metodikk og samskaping er det sentrale.

Sentralt i prosjektet er å bygge lokale partnerskap rundt vidaregåande skular

(I VLFK: Flora vgs og Odda vgs) med representantar frå frivillig sektor, lokalt næringsliv kommunar og org. for ungt entreprenørskap.

Det skal støtte opp under lokale ungdomsinitiativ i kvar partnerregion og desse skal utvikle: 1. Gode døme på ungt entreprenørskap i rurale strøk i Europa, 2. Digitalt kursmateriell og 3. Praktisk hefte om metodikken som er utvikla i prosjektet og som vil bli testa ut.

Vestland fylkeskommune v/INN er koordinator for prosjektet og har deltaking frå fire europeiske regionar, ein dansk kommune og EARLALL.

Prosjektet er knytt opp til Utvikling Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 og Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

### **Stride4Stride for skills adaption/anticipating in European Regions (2020-22)**

Det er eit strategisk partnerskap innan vaksenopplæring

Vestland fylkeskommune/karriere Vestland og Hardangerrådet får tildelt omlag 265 000 norske kroner Euro tilsaman og bidreg med eige arbeid på omlag 20%. Totalbudsjettet for prosjektet er på omlag 1,4 millionar kroner.

Målet er å opparbeida eit nytt konsept: “Økosystem for regionale kompetansebehov” der ein skal betra kapasiteten til å identifisera behov for kompetanse og utvikle/tilpassa tilbodet om utdanning og opplæring tilsvarande. I ein brytningstid som no der alt endrar seg raskare, også behov for kompetanse, vil Hardangerrådet legge vekt på kompetansetiltak for tungindustri og reiseliv. Karriere Vestland vil utveksle god praksis og sjå på kva rolle, plass og innhald karriererettleiingstenesta bør ha i eit slikt regionalt økosystem.

Prosjektet blir koordinert av Bretagne regionen og utanom Vestland deltak i alt ni andre regionar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar i Europa  
Forankring: Opplæringslova, "Regional plan for kompetanse og arbeidskraft"